

## Møteinkalling

<b>Utval:</b>	<b>Valnemnda</b>
<b>Møtestad:</b>	Thon hotel Sandven, Norheimsund
<b>Dato:</b>	12.06.2019
<b>Tid:</b>	08:30

### Program

Kl 08:30 Saksbehandling

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Dersom nokon av utvalet sine medlemer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på [www.hordaland.no/forfall](http://www.hordaland.no/forfall).

Innkallinga gjeld valde medlemer i valnemnda. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Roald Kvamme  
leiar

## Sakliste

Utvalse-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 8/19	Godkjenning av møteinkalling og sakliste		
PS 9/19	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 10/19	Meldingar		
PS 11/19	Ymse		
PS 12/19	Søknad om fritak frå fylkeskommunale verv grunna flytting - Derya Cifti	2017/732	
PS 13/19	Søknad om fritak frå fylkeskommunale verv - Beate Husa	2017/732	
PS 14/19	Val som varamedlem til utval for opplæring og helse	2017/732	

**PS 8/19 Godkjenning av møteinkalling og sakliste**

**PS 9/19 Godkjenning av møtebok forrige møte**

**PS 10/19 Meldingar**

**PS 11/19 Ymse**



Arkivnr: 2017/732-254

Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Valnemnda	12/19	12.06.2019
Fylkestinget	52/19	12.06.2019

### Søknad om fritak frå fylkeskommunale verv grunna flytting - Derya Cifti

#### Samandrag

Representanten Derya Cifti har søkt om fritak frå fylkeskommunale verv, på grunn av flytting. Ho opplyser at ho har flytta til Østlandet. Ho er folkevald for partiet Høyre. Ho er varamedlem til fylkestinget og varamedlem til utval for miljø og samferdsel.

Fylkesrådmannen rår til at representanten Derya Cifti får fritak frå vervet som varamedlem til fylkestinget og vervet som varamedlem til utval for miljø og samferdsel, for resten av denne valperioden 2015-2019.

Dersom det vert innstilt på at Derya Cifti skal få fritak, må det gjerast innstilling til nytt val som varamedlem til utval for miljø og samferdsel.

**Økonomi:** Midlar for møteverksemnda er innarbeid i budsjetta.

**Klima:** Inga effekt.

**Folkehelse:** Inga effekt.

**Regional planstrategi:** Inga effekt.

#### Forslag til innstilling

1. Derya Cifti får fritak frå vervet som varamedlem til fylkestinget og varamedlem til utval for miljø og samferdsel, for resten av denne valperioden 2015-2019.
2. For resten av denne valperioden 2015-2019 gjer fylkestinget slikt val:
  - a) Varamedlem til utval for miljø og samferdsel:

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Bertil Søfteland  
leiar fylkessekretariatet

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

### Fylkesrådmannen, 10.05.2019

Representanten Derya Cifti har i E-post av 12.04.2019 søkt om fritak frå sitt verv i Hordaland fylkeskommune. Ho skriv:

«*Jeg ønsker fritak frå fylkeskommunale verv grunnet flytting til Østlandet.»*

I E-post av 15.04.2019 skriv ho:

«*Min nye adresse er Arnesenga 6 E, 1340 Skui.»*

Ho har tidlegare opplyst at ho flytta hausten 2018. Det vert lagt til grunn at dette gjeld ei varig flytting.

Derya Cifti har følgjande verv i Hordaland fylkeskommune:

Varamedlem til Hordaland fylkesting.

Varamedlem til utval for miljø og samferdsel.

### Rettsleg grunnlag:

1. Kommunelova § 15 nr. 1 lyder:

«*Den som taper valgbarheten til et folkevalgt organ i valgperioden, trer endelig ut av dette. Hvis tap av valgbarhet skyldes registrert utflytting fra kommunen eller fylkeskommunen for to år eller mindre, trer vedkommende ut av vervet for den tid utflyttingen varer.»*

2.) Opprykk og nyvalg er regulert i kommunelova § 16 som lyder:

«*1. Har medlemmet forfall til et møte i et folkevalgt organ, innkalles varamedlemmet såvidt mulig i nummerorden de er valgt. Varamedlemmer innkalles fra den gruppe hvor det er forfall.*

*2. Hvis medlemmet av kommunestyret eller fylkestinget trer endelig ut eller får varig forfall, trer varamedlemmer fra vedkommende gruppe inn i deres sted i den nummerorden de er valgt hvis organet er valgt ved forholdsvalg. Et kommunestyre valgt ved flertallsvalg, trer varamedlemmet inn i den nummerorden de er valgt.*

*3. Dersom et medlem av et annet folkevalgt organ enn kommunestyre og fylkesting, kommunestyrekomite` og fylkestingskomite`trer endelig ut, velges nytt medlem, selv om det er valgt varamedlem. Organet skal suppleres fra den samme gruppen som den utredende tilhørte. Viser det seg at denne fremgangsmåten fører til at et kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av medlemmene i organet, skal det så langt det er mulig velges nytt medlem fra det underrepresenterte kjønn.*

*4. Trer lederen av et folkevalgt organ endelig ut av organet, skal det velges en ny leder.*

*5. Et antallet varamedlemmer eller en gruppens varamedlemmer til formannskapet, fylkesutvalget eller et annet folkevalgt organ valgt av kommunestyret eller fylkestinget blitt utilstrekkelig, kan kommunestyret eller fylkestinget selv velge ett eller flere faste eller midlertidige varamedlemmer. Suppleringsvalg skal skje fra den gruppen som har et utilstrekkelig antall varamedlemmer. Viser det seg at denne fremgangsmåten fører til at et kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av varamedlemmene til organet eller gruppens varamedlemmer, skal*

*det så langt det er mulig velges nytt varamedlem fra det underrepresenterte kjønn. Myndigheten til å foreta suppleringsvalg til andre organer enn formannskapet eller fylkesutvalget kan delegeres til formannskapet eller fylkesutvalet.*

*6. Ved suppleringsvalg etter nr. 3 og nr. 5 kan vedkommande gruppe selv utpeke den som skal rykke inn på den ledige plassen. Gruppen underretter deretter kommunestyret eller fylkestinget, som velger vedkommende dersom de lovbestemte vilkår er oppfylt. Tilsvarende gjelder ved suppleringsvalg i henhold til nr. 5 siste punktum.»*

3.) Avtalevalg er regulert i kommunelova § 38 a. Her går det fram at:

«1. Kommunestyret eller fylkestinget kan selv enstemmig vedta at valg til folkevalgte organer skal foregå som avtalevalg etter denne paragrafen.

2. Valget skal gjennomføres på grunnlag av innstilling med forslag til medlemmer og varamedlemmer til organet. Innstillingen skal inneholde et antall navn som tilsvarer antall medlemmer i organet med angivelse av den gruppen medlemmet representerer. I tillegg kan innstillingen inneholde et antall varamedlemmer for hver gruppe som tilsvarer antall medlemmer gruppen skal ha, med tillegg av to. Innstillingen vedtas enstemmig av kommunestyret og fylkestinget.

3. Kravene til kjønnsbalanse gjelder tilsvarende. Viser det seg at et kjønn vil få færre medlemmer enn det som følger av første punktum, skal kandidaten fra det underrepresenterte kjønn settes inn i det omfang som er nødvendig for å oppnåslik balanse. Ved valg til folkevalgte organer som etter lov bare består av medlemmer av kommunstyre eller fylkesting, og ved valg til arbeidsutvalgfor folkevalgte organer, skal disse regler følges så langt det er mulig.»

2. Vallova § 14-2 regulerer nytt valgoppgjør og suppleringsvalg til fylkestinget eller kommunestyret. Valglova § 14-2 nr. 2 seier:

*«Det skal også foretas nytt valgoppgjør når en vararepresentantplass er blitt ledig, dersom fylkesordføreren eller ordføreren finner det nødvendig.»*

#### Vurdering:

Derya Cifti har opplyst at ho har flytt til Østlandet. Dersom ho melder endring av adresse til folkeregisteret, vil ho ikke lenger vere valgbar til fylkeskommunale verv i Hordaland fylke, Jfr. kommunelova § 15 nr. 1.

Fylkesrådmannen rår difor til at det vert gitt fritak og føreteke suppleringsval.

Dersom Cifti får fritak fra vervet som varamedlem til utval for miljø og samferdsel, skal det veljast nytt varamedlem til utval for miljø og samferdsel. Kommunelova § 16 som gjeld *opprykk og nyval* regulerer dette forhaldet.

I Hordaland fylkeskommune har ein avtaleval, Jfr. kommunelova § 38 a. Ifølgje kommunelova § 38 a nr. 2 vert valet gjennomført på grunnlag av innstilling med forslag til medlemmer og varamedlemmer til organet. Krava til kjønnsbalanse i § 36 nr. 2 gjeld tilsvarande.

Ad. fritak frå verv som varamedlem til fylkestinget:

Verdet som varamedlem til fylkestinget vert å fylla etter kommunelova § 16 nr. 5.

Fylkesvalstyret føreteker nytt valgoppgjør for å fylla den ledige varamedlemsplassen i fylkestinget når fylkesordførar finn det nødvendig, Jfr. vallova § 14-2 nr. 2.



Arkivnr: 2017/732-255

Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Valnemnda	13/19	12.06.2019
Fylkestinget	53/19	12.06.2019

### Søknad om fritak frå fylkeskommunale verv - Beate Husa

#### Samandrag

Representanten Beate Husa er utnemnt til Byråd for helse og omsorg i Bergen kommune. Ho søker difor om fritak frå fylkeskommunale verv i Hordaland for resten av denne valperioden 2015-2019. Beate Husa er folkevald for Kristeleg folkeparti (KrF).

I samråd med praksis vert det rådd til å gje fritak frå fylkeskommunale verv for resten av denne valperioden 2015-2019.

Dersom det vert innstilt på at Beate Husa skal få fritak, må det gjerast innstilling til nye val for resten av denne valperioden 2015-2019.

**Økonomi:** Inga effekt/midlar for møteverksemnda er innarbeid i budsjetta.

**Klima:** Inga effekt.

**Folkehelse:** Inga effekt.

**Regional planstrategi:** Inga effekt.

#### Forslag til innstilling

1. Beate Husa får fritak frå verva som medlem til fylkestinget, varamedlem til fylkesutvalet, varamedlem til fellesnemnda, leiar og medlem i utval for kultur, idrett og regional utvikling, varamedlem til utval for opplæring og helse, varamedlem til adminisrasjonsutvalet, varamedlem til valnemnda, varamedlem til fylkesvalstyret, varamedlem til Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, varamedlem til Vestlandsrådet, medlem til styringsgruppa Kystpilegrimsleia over i ein ny fase, varamedlem til Nordsjøkommisjonens tematiske arbeidsgrupper, varadelegat til Landstinget KS-organ og vararepresentant til fylkesmøtet KS-organ.
2. For resten av valperioden 2015-2019 gjer fylkestinget slike val:
  - Medlem i fylkestinget
  - Varamedlem til fylkesutvalet
  - Varamedlem til fellesnemnda
  - Leiar og medlem i utval for kultur, idrett og regional utvikling
  - Varamedlem til utval for opplæring og helse
  - Varamedlem til adminstrasjonsutvalet
  - Varamedlem til valnemnda

- Varamedlem til fylkesvalstyret
- Varamedlem til Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
- Varamedlem til Vestlandsrådet
- Varamedlem, styringsgruppa Regionalt næringsforum
- Varamedlem til Nordsjøkommisjonens tematiske arbeidsgrupper
- KS-Organ, varadelegat til Landstinget
- KS-Organ, vararepresentant til fylkesmøtet
- Medlem i styringsgruppa, Kystpilegrimsleia over i ein ny fase

3. Dersom Stiftinga Kystkultur no! (tidlegare Kystsogevekene), stiftinga Skrivekunstakademiet i Hordaland og Beredt AS ber Hordaland fylkeskommune om å oppnemne eit nytt medlem/varamedlem, gjer fylkestinget slike val:

1. Styremedlem i Stiftinga Kystkultur no!:
2. Varamedlem til styret i Skrivekunstakademiet i Hordaland
3. Styremedlem i Beredt AS

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Bertil Søfteland  
leiar fylkessekretariatet

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 14.05.2019

Representanten Beate Husa har i E-post av 01.05.2019 søkt om fritak fra fylkeskommunale verv. Ho skriv:

*«I samband med at eg er blitt utnevnt til Byråd for helse og omsorg i Bergen kommune ser eg det som krevande å skjøtte mine verv som fylkestingsrepresentant i Hordaland fylkesting og som leiar i utval for kultur, idrett og regional utvikling. Erfaringa både frå tidlegare byråd samt frå byrådsleiar sitt kontor tyder på at det blir for belastande å kombinere rollen som byråd med desse verva. Eg forstår kommunelova gjev opning for at ein kan söke om fritak på slikt grunnlag.*

*Eg vil takke for ei svært utviklande, lærerik og spennande tid som politikar på fylket!*

*Lykke til på vegen mot Vestland fylkeskommune!»*

Husa har i E-post av 15.05.2019 stadfesta at ho søker om fritak fra alle hennar verv i Hordaland fylkeskommune.

Husa har følgjande verv i Hordaland fylkeskommune:

- Medlem i fylkestinget
- Varamedlem til fylkesutvalet
- Varamedlem til fellesnemnda
- Leiar og medlem i utval for kultur, idrett og regional utvikling
- Varamedlem til utval for opplæring og helse
- Varamedlem til adminstrasjonsutvalet
- Varamedlem til valnemnda
- Varamedlem til fylkesvalstyret
- Varamedlem til Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
- Varamedlem til Vestlandsrådet
- Styremedlem til Kystkultur no! (Tidligare Kystsogevekene)
- Varamedlem til styret i Skrivekunstakademiet i Hordaland
- Medlem i styringsgruppa, Kystpilegrimsleia over i ein ny fase
- Varamedlem, styringsgruppa Regionalt næringsforum
- Styremedlem i Beredt AS
- Varamedlem til Nordsjøkommisjonens tematiske arbeidsgrupper
- KS-Organ, varadelegat til Landstinget
- KS-Organ, vararepresentant til fylkesmøtet
- Styremedlem i Kystpilegrimsleia over i ein ny fase.

Når det gjeld fritak frå verv som styremedlem i Stiftingane Kystkultur no!, varamedlem til Skrivekunstakademiet i Hordaland og styremedlem i Beredt AS, har ikkje fylkestinget mynde til å gje fritak. Husa vert oppfordra til å ta kontakt med stiftingane og Beredt AS for å sökje om fritak. Vi har fått opplysningar om at dette er gjort. Fylkestinget kan gjere val av kandidat til styret i stiftingane/generalforsamlinga i selskapet under føresetnad av at Hordaland fylkeskommune vert beden om å kome med forslag til kandidatar.

### Rettsleg grunnlag:

Fritak frå teneste i verv på grunnlag av søknad er regulert i kommunelova § 15 nr. 2 som lyder:

*«2. Kommunestyret og fylkestinget kan etter søknad frita, for et kortere tidsrom eller resten av valgperioden, den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjøtte sin plikter i vervet.»*

Om korleis denne regelen er å forstå, går det fram i kommentarene til kommunelova (Overå/Bernt, Kommuneloven med kommentarer):

«Fritak er betinget av at vedkommande «ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjøtte sine plikter i vervet». Fritaksgrunn vil i første rekke være at søkerens arbeidsforhold, dårlig helse eller andre velferdsegrunner gjør det ekstra byrdefullt å oppfylle de plikter vervet medfører. Avgjørelsen må nødvendigvis bli temmelig skjønnsmessig. Forhold som politisk motgang, endret politisk oppfatning eller utilfredshet med organets arbeid vil imidlertid etter tradisjonell lære som utgangspunkt ikke kunne kvalifisere til fritak. Men etter at man i loven nå også har tatt inn ordet «belastning» som alternativ til «vanskelighet», kan man ikke helt utelukke slike forhold som fritaksgrunn i situasjoner hvor de har ført til helsemessige eller sosiale belastninger for et medlem, Jf. NOU 1990: 13 s. 185 hvor det blant annet uttales:

«Utvalget vil vise til at det kan være usikkert hvor langt begrepet «uforholdsmessig vanskelighet» rekker og foreslår derfor formuleringen» .....den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet *eller belastning...*» for å klargjøre at det også kan være andre forhold enn de som er nevnt overfor som kan gjøre det svært vanskelig for en representant å fortsette i vervet, og hvor det derfor kan være rimelig å frita vedkommende.»

#### **Om begrepet «offentleg tillitsverv»:**

Det vert her vist til brev frå Kommunal- og regionaldepartementet av 28.06.2013 ref. 12/1376-2. Denne saka gjaldt ein tolkningsuttale på om styreverv i eit aksjeselskap kunne vere eit «offentleg tillitsverv» etter kommunelova § 40 nr. 3 a.

Det går fram av uttala frå departementet at:

«*Hovudomgrepet i kommunelova § 40 nr. 3 er «offentlige tillitsverv». Kva som ligg i dette omgrepet er omtalt i eit forarbeid til forvaltningslova, som og låg til grunn for endringar i tidlegare kommunestyrelova § 15. Omgrepet og føresegna var vidareført i gjeldande kommunelov, slik at forarbeidet framleis er relevant. I Ot.prp.nr. 3 (1976-1977) s. 104 går det fram at:*

«*Uttrykket «offentlige» tillitsverv er valgt fordi kommunestyret og fylkestinget ikke bare velger kommunale og fylkeskommunale tillitsmenn, men også statlige tillitsmenn og tillitsmenn som det er uklart om skal karakteriseres som kommunale eller statlige eller begge deler.*

*Dette kan tale for at val av representantar til private eininger som selskap, i utgangspunktet ikkje var tenkt omfatta av unntaket.*

*Departementet meiner at ordlyden i føresegna (offentlege tillitsverv) sett i lys av forarbeida tilseier at val til styreverv i selskap som er eit eget rettssubjekt i utgangspunktet ikkje blir femna om føresegna. Når ein har eit styreverv i slikt selskap skal ein ta vare interessene til selskapet. Sjå ovanfor. Dette gjeld både når selskapet har offentlege og private eigalarar. Departementet kan på den bakgrunnen vanskeleg sjå at eit slikt styreverv er eit «offentlig tillitsverv»..»*

#### **Ad. verv som styremedlem til Stiftinga Kystkultur no! og varamedlem til styret i Skrivekunstakademiet i Hordaland:**

Stiftinga Kystkultur No! og Skrivekunstakademiet i Hordaland er stiftingar. Det vert vist til stiftelseslova § 2, definisjon. Her går det fram at:

«*Med stiftelse forstås en formuesverdi som ved testament, gave eller annen rettslig disposisjon selvstendig er stilt til rådighet for et bestemt formål av ideell, humanitær, kulturell, sosial, utdanningsmessig, økonomisk eller annen art. En rettsdannelse som oppfyller vilkårene i første punktum, er en stiftelse etter denne loven, uavhengig av om den er betegnet som en legat, institusjon, fond eller annet.»*

Av stiftelseslova § 27 a går det fram:

«*Lov 9. juni 1978 nr. 45 om likestilling mellom kjønnene § 21 første, annet og femte ledd gjelder tilsvarende når staten, en fylkeskommune eller kommune oppnevner hele styret i en stiftelse. Når staten, en fylkeskommune eller kommune oppnevner deler av styret i en stiftelse, gjelder første punktum her tilsvarende i forhold til de styremedlemmer dette gjelder.»*

Stiftelseslova § 28 gjeld styremedlemmer sine tenestetid. Det går fram av § 28 2. ledd at:

«Hvis det foreligger særlig grunn, har et styremedlem rett til å tre tilbake før tjenestetiden er ute. Styret og den som har valgt styremedlemmet, skal gis rimelig forhåndsvarsel.»

Det går fram av juridisk teori, Norsk lovkommentar til stiftelseslova § 28, Gyldendal rettsdata note 145 at: «Bestemmelsen gir et styremedlem ensidig rett til å trekke seg før tjenestetiden er ute hvis det foreligger en «særlig grunn». «Med «særlige grunn» sikter utvalget til sykdom, flytting som gjør en utilgjengelig, og i spesielle tilfeller også til dyptgående samarbeidsproblemer.»

Fritak frå verv som styremedlem i Stiftinga Kystkultur no! og stiftinga Skrivekunstakademiet i Hordaland ligg ikkje under fylkestinget sitt mynde.

#### **Ad. verv som styremedlem i Beredt AS:**

Beredt As er eit aksjeselskap. Aksjelova seier dette om val og tilbaketreden av styremedlem:

«§ 6-3 Valg av styremedlem

(1) Medlemmene av styret velges av generalforsamlingen, som også bestemmer om det skal velges varamedlemmer.

§ 6-7 Tilbaketreden og avsetting før tjenestetiden opphører

(1) Et styremedlem har rett til å tre tilbake før tjenestetiden er ute. Styret og den som har valgt styremedlemmet, skal gis rimelig forhåndsvarsel.»

#### **Vurdering:**

**Ad. fritak frå verv som medlem til fylkestinget, varamedlem til fylkesutvalet, varamedlem til fellesnemnda, medlem og leiar i utval for kultur, idrett og regional utvikling, varamedlem til utval for opplæring og helse, varamedlem til administrasjonsutvalet, varamedlem til valnemnda, varamedlem til fylkesvalstyret, varamedlem til Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, varamedlem til Vestlandsrådet, varamedlem til Regionalt Næringsforum styringsgruppa, varamedlem til Nordsjøkommisjonens tematiske arbeidsgrupper, KS-organ varadelegat til Landstinget, KS-organ vararepresentant til fylkesmøtet og medlem til styringsgruppa Kystpilegrimsleia over i ein ny fase:**

Det går fram av kommunelova § 15 nr. 2 at kommunestyret og fylkestinget kan etter søknad frita, for eit kortare tidsrom eller resten av valperioden, den som ikkje uten uforholdmessig vanskelighet eller belastning kan skjøtte sine plikter i vernet. Problemstillinga her er om Beate Husa kan skjøtte sine pliktar i dei fylkeskommunale verva utan uforholdsmessige vanskelegheitar eller belastningar. Det går fram av både kommunelova og kommentarane til kommunelova, at det skal mykje til for at ein representant skal få fritak frå eit politisk verv. I kommentarane til kommunelova vert det og vist til at «*Fritaksgrunn vil i første rekke være at søkerens arbeidsforhold, dårlig helse eller andre velferdsgrunner gjør det ekstra byrdefullt å oppfylle de plikter vernet medfører.*»

Beate Husa er utnemnd som Byråd for helse og omsorg i Bergen kommune. Ein kan her sjå at det kan bli vanskelig for ho å skjøtte sine politiske verv i Hordaland fylkeskommune når ho er Byråd for helse og omsorg. Dette er eit krevjande og omfattande verv som vanskeleg lar seg kombinere med andre verv. Sjølv om det skal leggjast til grunn ei streng vurdering for å gje fritak er det fylkesrådmannen si klare vurdering at desse verva er vanskeleg å kombinere på ein god måte når ho er Byråd for helse og omsorg. Fylkesrådmannen rår difor til at det vert gitt fritak og føretekne suppleringsval.

Dersom Husa får fritak frå sine politiske verv i Hordaland fylkeskommune, bør det gjerast suppleringsval for resten av valperioden 2015-2019. Kommunelova § 16 som gjeld Opprykk og nyvalg, regulerer dette forholdet.

Kommunelova § 16 lyder:

«1. Har medlemmet forfall til et møte i et folkevalgt organ, innkalles varamedlemmet såvidt mulig i nummerorden de er valgt. Varamedlemmer innkalles fra den gruppe hvor det er forfall.

2. Hvis medlemmet av kommunestyret eller fylkestinget trer endelig ut eller får varig forfall, trer varamedlemmer fra vedkommende gruppe inn i deres sted i den nummerorden de er valgt hvis organet er valgt ved forholdsvalg. Er et kommunestyre valgt ved flertallsvalg, trer varamedlemmet inn i den nummerorden de er valgt.

3. Dersom et medlem av et annet folkevalgt organ enn kommunestyre og fylkesting, kommunestyrekomite` og fylkestingskomite` trer endelig ut, velges nytt medlem, selv om det er valgt varamedlem. Organet skal suppleres fra den samme gruppen som den utredende tilhørte. Viser det seg at denne fremgangsmåten fører til at et kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av medlemmene i organet, skal det så langt det er mulig velges nytt medlem fra det underrepresenterte kjønn.

4. Trer lederen av et folkevalgt organ endelig ut av organet, skal det velges en ny leder.

5. Er antallet varamedlemmer eller en gruppens varamedlemmer til formannskapet, fylkesutvalget eller et annet folkevalgt organ valgt av kommunstyret eller fylkestinget blitt utilstrekkelig, kan kommunestyret eller fylkestinget selv velge ett eller flere faste eller midlertidige varamedlemmer. Suppleringsvalg skal skje fra den gruppen som har et utilstrekkelig antall varamedlemmer. Viser det seg at denne fremgangsmåten fører til at et kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av varamedlemmene til organet eller gruppens varamedlemmer, skal det så langt det er mulig velges nytt varamedlem fra det underrepresenterte kjønn. Myndigheten til å foreta suppleringsvalg til andre organer enn formannskapet eller fylkesutvalget kan delegeres til formannskapet eller fylkesutvalet.

6. Ved suppleringsvalg etter nr. 3 og nr. 5 kan vedkommende gruppe selv utpeke den som skal rykke inn på den ledige plassen. Gruppen underretter deretter kommunestyret eller fylkestinget, som velger Side 6/6 vedkommende dersom de lovbestemte vilkår er oppfylt. Tilsvarende gjelder ved suppleringsvalg i henhold til nr. 5 siste punktum.»

#### **Ad. fritak frå verv som medlem i Stiftinga Kystkultur no! og stiftinga Skrivekunstakademiet i Hordaland:**

Fylkesrådmannen vil vise til tolkingsuttalen frå Kommunal- og regionaldepartementet ovanfor. Uttalen gjaldt styreverv i aksjeselskap, men fylkesrådmannen vurderer det slik at uttalen kan tolkast slik at den og er relevant for stiftningar, slik som i dette tilfellet her. Ein stifting er eit sjølvstendig rettssubjekt, og har på nokre områder likheitar med eit aksjeselskap. Ein stifting står fram om mogeleg som meir sjølvstendig rettssubjekt ein eit aksjeselskap. Når ein har eit styreverv i ein stifting, skal ein ta vare på interessene til stiftinga. Fylkesrådmannen har tidlegare teke kontakt med Kommunaldepartementet. Kommunaldepartementet stadfester at ein kan legge deira vurdering av 28.06.2013 til grunn og for stiftningar: *Val av styremedlem til stiftningar skal neppe sjåast på som eit «offentleg tillitsverv».*

Når det gjeld fritak frå verv som medlem i Stiftinga Kystkultur no! og stiftinga Skrivekunstakademiet i Hordaland har ikkje fylkestinget mynde til å gje fritak. Det går fram av stiftelselova § 28 2. ledd at eit styremedlem har rett til å tre tilbake før tenestetida er ute, dersom det ligg føre ein særleg grunn og dersom styret og den som har vald medlemmet har fått eit rimeleg førehandsvarsle. Fylkesrådmannen legg til grunn at det «å tre tilbake før tenestetida er ute», gjeld fritak. Husa har allereie kontakta Stiftinga Kystkultur no!. Ho må og evt. kontakte stiftinga Skrivekunstakademiet i Hordaland, dersom dette ikkje allereie er gjort, angåande fritak.

Det er Hordaland fylkeskommune som oppnemner styremedlem/varamedlem. For å unngå at denne saka må handsamast i to møter i valnemnda og fylkesting, rår fylkesrådmannen til at valnemnda og fylkestinget i denne saka vel eit nytt medlem til Stiftinga Kystkultur no! og stiftinga Skrivekunstakademiet i Hordaland. Då er namnet klart når førespurnaden kjem frå stiftinga.

#### **Ad. fritak frå verv som styremedlem i Beredt AS:**

Når det gjeld fritak frå verv som medlem i styret i Beredt AS har ikkje fylkestinget mynde til å gje fritak. Det går fram av aksjelova § 6-7 nr. 1 ledd at eit styremedlem har rett til å tre tilbake før tenestetida er ute. Styret og den som har vald styremedlemmet skal gis rimeleg førehandsvarsle. Fylkesrådmannen legg til grunn at det «å tre tilbake før tenestetida er ute», gjeld fritak. Husa må sjølv kontakte styret i Beredt AS og melde frå om fritak frå vervet som medlem, dersom dette ikkje allereie er ordna.

For å unngå at denne saka må handsamast i to møter i valnemnda og fylkesting, rår fylkesrådmannen til at valnemnda og fylkestinget i denne saka vel eit nytt medlem til styret i Beredt AS. Då er namnet klart når førespurnaden kjem frå Beredt AS.





Arkivnr: 2017/732-256

Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Valnemnda	14/19	12.06.2019
Fylkestinget	54/19	12.06.2019

### Val som varamedlem til utval for opplæring og helse

#### Samandrag

Denne saka gjeld val som varamedlem til utval for opplæring og helse. Partiet Rødt har tre varamedlemsplassar til utval for opplæring og helse. Partiet Rødt har no to varamedlemmer til dette utvalet. Det er difor behov for å oppnemne eit nytt varamedlem til utval for opplæring og helse, for å fylle den ledige varamedlemsplassen.

Partiet Rødt har t.o.m. den 01.11.2018 hatt tre varamedlemmer til utval for opplæring og helse. Ved ein inkurie vart det ikkje fatta vedtak om nytt val som varamedlem til utval for opplæring og helse, etter den 01.11.2018.

Fylkesrådmannen rår til at det vert gjort innstilling til nytt val som varamedlem til utval for opplæring og helse, for resten av denne valperioden 2015-2019.

**Økonomi:** Midlar til møteverksemnda er innarbeid i budsjetta.

**Klima:** Inga effekt.

**Folkehelse:** Inga effekt.

**Regional planstrategi:** Inga effekt.

#### Forslag til innstilling

For resten av denne valperioden 2015-2019 gjer fylkestinget slikt val:

- Varamedlem til utval for opplæring og helse:

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Bertil Søfteland  
leiar fylkessekretariatet

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 16.05.2019**

I sak til fylkestinget den 12.06.2018 sak PS 68/18 var det mellom anna gjort følgjande vedtak:

«*Punkt 2 a:*

*For resten av denne valperioden 2015-2019 gjer fylkestinget slikt val:*

a) *Varamedlem til utval for opplæring og helse: Jeanette Syversen.  
I den tida Syversen er fast medlem for Solbjørg Marjala i den tida ho har permisjon (fram til den 01.11.2018) vert Ingeborg Hordvik vald (fram til 01.11.2018.)»*

Ved ein inkurie vart det dverre ikkje fatta vedtak om nytt val som varamedlem til utval for opplæring og helse, etter den 01.11.2018. Solbjørg Marjala har i sak PS 128/18 fått fritak frå sine politiske verv i Hordaland Fylkeskommune. I same sak vart Jeanette Syversen vald som fast medlem av utval for opplæring og helse. Partiet Rødt har ein fast medlemsplass og tre varamedlemsplassar til utval for opplæring og helse. På det noverande tidspunkt er det to varamedlemmer til dette utvalet frå partiet, medan den tredje varamedlemsplassen som nemnt har vore ledig frå den 01.11.2018. Det er no behov for å oppnemne eit nytt varamedlem til utval for opplæring og helse, for å fylle den ledige varamedlemsplassen.

Dei to varamedlemmene til utval for opplæring og helse er:

1. Arild Borgen, R
2. Inge Abrahamsen, R

Partiet Rødt har i E-post av 15.05.2019 stadfesta at dei ynskjer at det skal føretakast val til en ledige varamedlemsplassen.

**Rettsleg grunnlag**

Kommunelova § 16 som gjeld *Opprykk og nyvalg* lyder:

- «1. Har medlemmet forfall til et møte i et folkevalgt organ, innkalles varamedlemmet såvidt mulig i den nummerorden de er valgt. Varamedlemmer innkalles fra den gruppe hvor det er forfall.
- 2. Hvis medlemmet av kommunestyret eller fylkestinget trer endelig ut eller får varig forfall, trer varamedlemmer fra vedkommende gruppe inn i deres sted i den nummerorden de er valgt hvis organet er valgt ved forholdsvalg. Er et kommunestyre valgt ved flertallsvalg, trer varamedlemmet inn i den nummerorden de er valgt.
- 3. Dersom et medlem av et annet folkevalgt organ enn kommunestyre og fylkesting, kommunestyrekomite` og fylkestingskomite` trer endelig ut, velges nytt medlem, selv om det er valgt varamedlem. Organet skal suppleres fra den samme gruppen som den utredende tilhørte. Viser det seg at denne fremgangsmåten fører til at et kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av medlemmene i organet, skal det så langt det er mulig velges nytt medlem fra det underrepresenterte kjønn.
- 4. Trer lederen av et folkevalgt organ endelig ut av organet, skal det velges en ny leder.
- 5. Er antallet varamedlemmer eller en gruppens varamedlemmer til formannskapet, fylkesutvalget eller et annet folkevalgt organ valgt av kommunestyret eller fylkestinget blitt utilstrekkelig, kan kommunestyret eller fylkestinget selv velge ett eller flere faste eller midlertidige varamedlemmer. Suppleringsvalg skal skje fra

den gruppen som har et utilstrekkelig antall varamedlemmer. Viser det seg at denne fremgangsmåten fører til at et kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av varamedlemmene til organet eller gruppens varamedlemmer, skal det så langt det er mulig velges nytt varamedlem fra det underrepresenterte kjønn. Myndigheten til å foreta suppleringsvalg til andre organer enn formannskapet eller fylkesutvalget kan delegeres til formannskapet eller fylkesutvalet.

6. Ved suppleringsvalg eter nr. 3 og nr. 5 kan vedkommande gruppe selv utpeke den som skal rykke inn på den ledige plassen. Gruppen underretter deretter kommunestyret eller fylkestinget, som velger vedkommende dersom de lovbestemte vilkår er oppfylt. Tilsvarende gjelder ved suppleringsvalg i henhold til nr. 5 siste punktum.»

### **Vurdering**

Partiet Rødt har tre varamedlemsplassar til utval for opplæring og helse. På det noverande tidspunkt er det to varamedlemmer til dette utvalet frå partiet Rødt, medan den tredje varamedlemsplassen har vore ledig frå den 01.11.2018. Det er såleis behov for å oppnemne eit nytt 3. varamedlem for å fylle den ledige varamedlemsplassen. Fylkesrådmannen rår til at det vert gjort nytt val som varamedlem til utval for opplæring og helse.

Slikt val må gjerast